

## Stort seilermiljø i Nord-Tyskland

21.07.2011



**Det er et stort seilermiljø i Nord-Tyskland og no midtsommers  
får også vi i Uskedalen kontakt med det. I dag la ein spesiell båt  
som tilhører ein forening for klassisk segling i delstaten  
Schleswig-Holstein til i båthamna. Den har 10 senger og skiftar  
belegg etter kvart som turen går rundt  
dei britiske og skandinaviske farvatna.**

- Dette er ein danskprodusert slupp, ein stålåt som minner mykje  
om ei jekt, opplyste kaptein Werner Frase. og priste båten sine  
eigenskapar til sjøs. Han har ein normalfart på 6-7 knop men gjer opptil  
9 knop utan problem.

Den 15 meter lange båten er stasjonert i Kappeln som ligg ved  
Schlei-fjorden mellom Kiel og Flensburg.

-Vi har ein stor venekrins og siglar året rundt, fortalte Frase.

No er Adelante som skipet heiter undervegs frå Stavanger til Bergen  
der dei skal plukke ombord 6 nye passasjerar. Undervegs skal dei  
også fletta inn ein fjelltur utan at dei førebels veit kvar han skal gå

På biletet er det Josephine Schoeneberg frå Berlin som er saman  
med kaptein Werner Frase.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen